




Tettstaden ved elva

Sentrumsutvikling på Ålgård


Erling Søyland



På 145 år har Ålgård gått frå å vera ein handfull gardar til å verta den 53. største tettstaden i landet (2015). Veksten starta rundt ullvarefabrikken i 1870.



Sidan 70-talet har Gjesdal hatt godt over ei tredobling i innbyggjartal. Brorparten av denne utviklinga skjer i tettstaden og kommunesenteret Ålgård, der rundt 75% av innbyggjarane er busette. Kommunen hadde i 2009 lågast gjennomsnittsalder i landet med 34 år, og Ålgård er ein svært populær stad for barnefamiljar å etablere seg. Lokalisert rett ved den store arbeidsmarknaden på Nord-Jæren, er dette ei utvikling som truleg vil fortsetja i framtida.



Historie

Med etableringa av Ålgård Uldvarefabrikker (seinare DFU, De Forenede Uldvarefabrikker) vaks Ålgård fram som ein industriettsstad på slutten av 1800-talet. Fabrikken vart etablert ved Edlandsfossen, som i dag ligg heilt i sør på Ålgård. Området rundt Veveriet var senteret i tettstaden fram til 1990-talet.

Området som i dag utgjør sentrum, var jordbruksjord og beiteområde fram til jernbanen kom i 1924. Før dette vart kyrkja bygd i 1917, og med desse to vart området etter kvart teke meir i bruk. Fotballbanen vart etablert her i 1930, og både Folkets hus og ein turnhall låg i tett tilknytning til området.

I 1990 vart kjøpesenteret Magneten etablert i eit tidlegare lokale til DFU, det som no er det særlege av dei to kjøpesentra i sentrum. Fem år seinare vart det andre kjøpesenteret bygd 200 meter lengre nord, og med dette utvikla området seg til å verta det nye handelssenteret på Ålgård.

I 2013 flytte Ålgård stadion ut frå sentrum etter at politikarane og fotballklubben hadde vorte einige om ny tomt, noko som frigjorde store areal til utbygging i sentrum.

Situasjonen i dag

Med ein stor vekst i folketal og ein svært låg gjennomsnittsalder på innbyggjarane, er behovet for utbygging stor. Sidan det meste av arbeidsmarknaden er sentrert i Sandnes og Stavanger, er framleis behovet for bil dominerande i utviklinga på Ålgård. Dette viser til dømes att på det nordre kjøpesenteret, der bustadblokkene har hovudtilkomst ut mot parkeringsplassen på taket av senteret. Sentrumsområdet er i dag prega av to store kjøpesenter, Amfi Stasjonen i nord og Norwegian Outlet, tidlegare Magneten, i sør. I samband med dette ber sentrum i dag preg av å vera ein trafikkmaskin.



Oppgåva

Med stadion flytta ut frå sentrum er store areal frigjorte til utbygging. Folketalet i kommunen er venta å veksa med fire til åtte tusen dei neste 30 åra, og det er derfor stort behov for bustader i Ålgård. Ved å byggja tett i sentrum kan ein motverka den store areal- og trafikkveksten som har vore dei siste tiåra.






Sjølvsområdet er prega av ein spreidd busetnad og dermed mykje ubebygd areal, er store delar av desse areala private hageområde og gardsrom.




I tillegg til å vera omkransa av natur og landbruk, er det fleire sentrumsnære grøntstruktur i sjølve Ålgård. Dette er stort sett i form av skogdekte bergtoppar, i tillegg til parken "Perlå" ved Edlandsvatnet.

I det nye sentrumsområdet vert det etablert ein park langs elvebreidda. På dette punktet er elva vid og open, med små øyer som er heim til grande fugleliv.



Stadion
Ålgård stadion har vore ein viktig del av tettstaden sin identitet i hundre år, og fleire generasjonar med skuleelevar har vakse opp med å delta i konkurransar på løpebanen her.





Ved å ta utgangspunkt i fotavtrykket frå løpebanen rundt stadion i planen, vert dette historiske avtrykket markert, samstundes som ein oppnår eit annleis gaterom som set eit nytt særpreg på staden. Ein beheld underlaget og merkinga på løpebanen, og kan på den måten bidra til å stimulera til aktivitet i sentrum. Langs kvartalfasaden vil det verta etablert små tottrins tribunetrappar, og sportsbutikkane på kjøpesentra kan etablera seg langs løpebanen.



E39 går i dag gjennom Ålgård, på motsatt side av av elva frå sentrum. Ein ny trassé er under planleggjing, og vil leggjast anten i tunnell forbi Ålgård eller mykje lengre vest. Uansett vil trafikkmengda gjennom tettstaden minka.

I dagens situasjon er vegane i sentrum òg knytte saman på nordsida av kjøpesenteret, langs Berlandshølen. Ved å ta bort denne får ein frigjort tomter langs vatnet, samstundes som inntrykket av sentrum som ein trafikmaskin kan reduserast.

Jernbanen til Ålgård vart nedlagt i 1955, men det har i det seinare vore stor lokalpolitisk interesse for å gjenopna denne. Frå jernbaneverket si side er dette fyrst og fremst eit spørsmål om passasjergrunnlag.




Torg og park

Det nye torget vert etablert i tilknytning til lokomotivstallen og den gamle stasjonsbygningen. Lokomotivstallen vert renoverert og bygd på til restaurant, medan stasjonsbygningen vil fungera som selskapslokale til utleige og kafé. Lokala rundt vil hovudsakleg leggja vekt på serveringstilbod og offentlege tenester, sushi, pizza, pub, helsesenter etc.

Elveparken vil liggja to hundre meter frå torget, omslutta av rekkjehus, leilegheitskvartal og elva. Området er i dag heilt flatt, men vil opparbeidast til å hella nedover mot elva.

Desse to hovudattraksjonane i sentrum vil vera knytte saman med ei gågate mellom stadionkvartala.



- Næring
- Offentlege tenester
- Utdanning
- Kultur
- Bustad
- Bustad, næring i 1. etg
- Bustad, felles i 1. etg
- Næring, offentlig i 1. etg

Konserthus

Ålgård har i dag få gode konsertlokale, noko som kan verta ein god bruk av gamlekyrkja.

Barnehage

Det gamle klubbhuset til fotballaget kan dekkja behovet som oppstår for barnehageplassar.

1. etasje i kvartal

Langs gågata vil butikkar vera prioritert, men lokala som er til overs vil kunna fylla fellesfunksjonar som vaskeri, verkstad og selskapslokale.

Stadionkvartala

I stadionkvartala er leilegheitene grupperte med fire einingar på kvart trapperom. Svalgangane som servererleilegheitene, er trekte halvannan meter ut frå fasaden, med strekkmetall eller anna transparent underlag i mellomrommet. Dette gjev kvar leilegheit eit lite område ein kan setja sitt personlege preg på, samstundes som det vert ei halvprivat sone mellom fasaden og gangområdet. Det transparente underlaget gjer òg at meir dagslys slepp inn gjennom vindauga.




Utvikling

Dei fyrste områda som vert utvikla, vil vera torget, nordre stadionkvartal og rekkjehusa, i tillegg til å opna opp kjøpesenterfasaden langs stasjonsgata. På dette tidspunktet er framleis ikkje jernbanen gjenopna, og mange av innbyggjarane er avhengige av bil. Rekkjehusa har eigne parkeringar, og dei ledige tomtene kan inntil vidare disponerast.

Etter kvart vert stasjonsgata etablert med bustadlamellar på sørsida av vegen, og vassfronten mot Bærlandshølen vert bygd ut med bustader. Søre stadionkvartal og tomta mellom rekkjehusa og kjøpesenteret vert bygd. Fleire tilbod vert etablerte i gågata og på torget, samstundes som fleire folk får betre busstilbod.


Jernbanen vert etablert, og siste byggjetrinn kan utførast. Med hyppige avgangar til den store arbeidsmarknaden på Nord-Jæren, er behovet for å eiga eigen bil svært redusert. Dei resterande parkeringsareala er knytte til kjøpesentra eller bilkollektiv for billause innbyggjarar.






Elvepromenaden går frå det gamle Veveriet og ned langs elva gjennom sentrum. I dag er starten på denne godt skjult og kan opplevast lite innbydande.

Ved å gjera om litt av kommunehuset si parkering til park, kan stien kryssa elva på nedsida av dei historiske bygga. Ei ny gangbru gjev både betre utsikt til fossen og kan vera med på å aktivisera den vesle plassen ved elva her.




Driftsbygningen på den eine Ålgård-garden står enno, sjølv om drifta er lagt ned for lenge sidan. Garden ligg 300 meter frå sentrum, rett ved hovudgangvegen frå Ålgård aust.

Denne kan drivast som eit besøkssenter, eventuelt gardsbarnehage, som gjev eit særlege aktivitetstilbod for innbyggjarane. Det vesle av jord som ikkje er bygd ned, kan brukast både i drifta og som parsellhagar.



Dei jærseke steingardane er eit velkjent landskapselement i områda rundt Ålgård, og framleis kan ein finna restar av desse somme plassar i tettstaden.

Ved å oppføra slike steingardar langs ein del nye gangveggar og eksisterande snarveggar, får ein eit gjennomgåande element som framhevar og tydeleggjer desse.



500 meter frå sentrum ligg bergtoppen "Høljaberget", 100 meter høgare enn sentrumsflata. Med ei bratt fjellside vendt mot sentrum, er denne i dag nokså utilgjengeleg herifrå.

Her vert det etablert ei trapp opp fjellsida, som vil gjera fjellet tilgjengeleg som eit utkikkspunkt og ei treningsrute.



Lokomotivstallen har stått til nedfall i årevis, og har vore tema for stor debatt i lokalsamfunnet. Som ein av svært få eldre bygningar i sentrum vil lokstallen her verta utgangspunkt for det nye torget og transformert til restaurant.






Stadnamnet Ålgård tyder "ålen går", og ålefiske var i tidlegare tider ei svært viktig kjelde for matauk i distriktet. For å fanga ålen bygde ein såkalla ålemerder i elva, traktforma murar med ei lita opning ålen måtte gjennom. Tidlegare var det fleire slike i elva ved sentrum, men i dag er det berre ei som står att.


Desse ålemerdene vert inspirasjon for steinbenkane som vert plasserte på torget.



Gamle Ålgård stasjon har lenge vore brukt mellom anna som ungdomshus for den lokale kyrkjelyden. Som eitt av to viktige historiske bygg på torget skal dette opnast meir for publikum som kafé og utleigelokale.









Snitt A

Snitt B

Snitt D

Snitt E

Snitt C

Norwegian outlet

BVA: 7645 m²
BTA: 8204 m²
Utm.: 169%
Innb.: 435

BVA: 3674 m²
BTA: 9478 m²
Utm.: 256%
Innb.: 410

BVA: 4000 m²
BTA: 9296 m²
Utm.: 232%
Innb.: 395

BVA: 518 m²
BTA: 11 428 m²
Utm.: 2248%
Innb.: 460

Restaurant

Svømm

Tannlege, kontor, frisør

Kafe, utleige

Me Aigård kyrke

